



Norges Vassdrag-og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

KS4/KRN
/KHEN

201300163 -18
201300133 -15
201107538 -23
201300169 -17

Vår ref.:
2015/224-4

Sakshandsamar:
Knut Erik Paulsen
knut.erik.paulsen@valle.kommune.no

Dato
09.07.2015

SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGE SJU SMÅKRAFTVERK I BYGLAND, BYKLE OG VALLE KOMMUNAR I AUST AGDER FYLKE - HØYRINGSUTTALE FRÅ VALLE KOMMUNE

Vi viser til brev frå dykk datert 7. april 2015 der de ber om uttale til fleire småkraftutbyggingssøknader i Valle kommune.

Vi har lagt ved særutskrift av den politiske handsaminga. Det inneheld administrasjonen si innstilling og vedtaka som vart gjort av politikarane i Valle kommune.

Dersom de har spørsmål så ta kontakt med sakshandsamar.

Med helsing
Valle kommune

Knut Erik Paulsen
rådgjevar Arealplan og GIS

Vedlegg:

- 1 Særutskrift Høyringsuttale til søknad om bygging av 4 småkraftverk i Valle kommune

Saksmappenr: 2015/224-2
Arkiv:
Sakshandsamar: Knut Erik Paulsen

Saksframlegg

Valle kommune

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
71/15	Formannskapet	24.06.2015
40/15	Kommunestyret	24.06.2015

Høyringsuttale til søknad om bygging av 4 småkraftverk i Valle kommune

Rådmannen tilrår:

1. Valle kommune er positive til utbygging av småkraftverk i Håvestøylsåne på Uppstad og Kvernåni på Straume.
2. Valle kommune er positive til utbygging av Vasstøylsåne med Edansfossen ved Bjørnevatn sjølv om det er relativt store konsekvenser for natur og miljø. Vi er positive på grunn av at dette vil lette gjennomføringa av straumprosjektet til hytteområda ved Bjørnevatn.
3. Valle kommune er negative til Otrakraft si utbygging av Flårendsfossen i Otra. Den kan øydelegge vasskvaliteten til badeplassen Marhyl.

Saksprotokoll i Formannskapet - 24.06.2015

Handsaming:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

4. Valle kommune er positive til utbygging av småkraftverk i Håvestøylsåne på Uppstad og Kvernåni på Straume.
5. Valle kommune er positive til utbygging av Vasstøylsåne med Edansfossen ved Bjørnevatn sjølv om det er relativt store konsekvenser for natur og miljø. Vi er positive på grunn av at dette vil lette gjennomføringa av straumprosjektet til hytteområda ved Bjørnevatn.
6. Valle kommune er negative til Otra kraft si utbygging av Flårendsfossen i Otra. Den kan øydelegge vasskvaliteten til badeplassen Marhyl.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 24.06.2015

Handsaming:

Margrethe Bakke ber Kommunestyret vurdere hennar gildskap då ho er gift med medeigar i Uppstad kraftverk.

Margrethe Bakke vert samrøystes funne ugild til å handsame saka og forlet sete.

Framlegg frå Knut Hagen:

Pkt. 3 Flårendsfossen vert bygd ut, men at utbyggjarar må gjere tiltak for å oppretthalde vassstemperaturen i Marhyl.

Framlegg frå Ordførar:

Ein stryk frå pkt. 2: «..sjølv om det er relativt store konsekvenser for natur og miljø»

Røysting:

Tilrådinga Pkt 1 vart samrøystes vedteke.

Alternativ røysting gjeldande pkt .2

Tilrådinga fekk 4 røyster

Framlegget frå Ordførar fekk 10 røyster

Alternativ røysting gjeldande pkt. 3

Tilrådinga fekk 4 røyster

Framlegget frå Knut Hagen 10 røyster

Vedtak:

7. Valle kommune er positive til utbygging av småkraftverk i Håvestøylsåne på Uppstad og Kvernåni på Straume.
8. Valle kommune er positive til utbygging av Vasstøylsåne med Edansfossen ved Bjørnevatn. Vi er positive på grunn av at dette vil lette gjennomføringa av straumprosjektet til hytteområda ved Bjørnevatn.
9. Flårendsfossen vert bygd ut, men at utbyggjarar må gjere tiltak for å oppretthalde vassstemperaturen i Marhyl

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Noregs vassdrags- og energidirektorat har fått inn søknad om å bygge 4 småkraftverk i Valle kommune. Dei har sendt desse søknadene til oss for uttale.

Dei 4 søknadene gjeld utbygging av Edansfossen i Vasstøylsåne ved Lisle Bjørnevatn, Håvestøylsåne på Uppstad, Flårendsfossen i Otra og Kvernåni på Straume.

Vasstøylsåne – Lisle Bjørnevatn

Bjørnevatn kraftverk skal nytte eit fall på 83m. Inntaksdammen blir på toppen av Edansfossen og kraftverket skal ligge 1240m nedstrøms inntaket. Røyr gata skal gravast ned i bakken. Middelvassføringa i dag er 1560 liter pr sekund. Minstevassføringa blir 190 l/s om sommaren og 50 l/s om vinteren.

Årleg produksjon er planlagt å vere på 6,2 GWh. Utbygginga vil koste ca 25 mill kroner. Det blir en utbyggingskostnad på 4,10 kr pr kWh.

Bjørnvatn kraftverk



Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer skal bestilles skriftlig hos kommunen. Ellers står kommunen ikke ansvaret.

Lenke til søknad hos NVE:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=7004&type=11>


Håvestøylsåne - Uppstad

Utbygginga i Håvestøylsåne går ut på å utnytte eit fall på 224m ovanfor bekkeinntaket til Brokke kraftstasjon. Det er to alternativ for utbygginga. Den største utbygging vil råke ei elvestrekning på 680m. Røyrkata blir 840m og skal gravast ned i bakken.

Middelvassføringa er i dag 933 l/s. Minstevassføringa blir 75 l/s.

Årleg produksjon blir 5,71 GWh. Utbygginga vil koste om lag 20 mill kroner. Det blir ein utbyggingskostnad på 3,54 kr/kWh.

Dette vassdraget ligg innaføre «Verna vassdrag Njardarheim» frå verneplan 1 frå 1970-talet. Det er opna opp får småkraftverk inntil 1 MW i verna vassdrag. Storleiken på denne utbygginga er mindre enn det som er grensa i verna vassdrag, slik at dette ikkje blir eit hinder.




Lenke til søknad hos NVE:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=7010&type=11>

Flårendsfossen – Otra Kraft/Otterraaens brugseierforening

Småkraftverket Flårendsfossen er eit elvekraftverk som skal utnytte minstevassføringa i Otra frå enden av Flårenden og til Marhyl ved Brokke kraftstasjon. Det er eit fall på 18m på ein strekning på om lag ein kilometer. Det skal sprengast tunnel frå inntaket til kraftstasjonen. Vassinntaket skal ligge på 4m djupne ved terskelen i Flårenden. Kraftstasjonen blir liggande ved skytebanen på Hovet. Det blir ein steintipp ved skytebanen. Middelvassføringa er i dag ca 10800 l/s. Minstevassføringa blir 100 l/s.

Årleg produksjon er planlagt å vere 10,6 GWh. Utbygginga vil koste 63,5 mill kroner. Det blir en utbyggingskostnad på 5,99 kr/kWh.



Lenke til søknad hos NVE:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=6969&type=11>

Kvernåne - Straume

Straume kraftverk skal utnytte vatnet i Kvernåne på Straume. Det er eit fall frå inntaket i Svårtetjønn til Straume på om lag 650m. Det er ein strekning på 2,5 km. Røyrkata skal gravast ned. Middelvassføringa i dag er om lag 500 l/s. Minstevassføringa blir 43 l/s. Det er tre alternativ for utbygginga. Skilnaden på dei er berre kor mykje ein skal demme opp Svårtetjønn ved inntaksdammen. Alternativa er null, ein eller to meter. søkaren ser på ein meter oppdemming som det beste alternativet.

Årleg produksjon er planlagt til om lag 11,5 GWh. Utbygginga vil koste om lag 35 mill kroner. Det blir ein utbyggingskostnad på om lag 3,1 kr/kWh.



Lenke til søknad hos NVE:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=7011&type=11>

2. Kva for verknader har denne saka for utviklinga av Valle kommune?

Utbygging av småkraftverk er utnytting av dei små og lokale vasskraftressursane vi har i kommunen. Det er utnytting av ressursane som tilhøyrar garden til lokal verdiskaping. Ei styrking av næringsgrunnlaget er positivt for utviklinga i Valle. Det kan gjere til at det er betre høve for å halde på og styrke den faste busettinga vi har i dag.

Utbygginga til Bjørnevatn kraftverk kan få stor positiv verknad på utviklinga ved Bjørnevatn. Dersom det kjem straum opp til Lisle Bjørnevatn som fylgje av den utbygginga vil det vere mulig å få straum til hyttene ved Bjørnevatn på ein langt enklare og billigare måte enn tidlegare planlagt. Valle kommune bør arbeide for at dette kan skje. Det vil bli ei stor positiv konsekvens for samfunnsutviklinga i Valle.

3. Tilhøvet til gjeldande planar og lovverk

4. Vurderingar

Vasstøylsåne – Bjørnevatn


Valle kommune har prøvd å legge til rette for straumframføring gjennom forslaget til ny kommuneplan for Valle. Forslaget til ny kommuneplan er no ute til offentleg ettersyn. Det er omtalt som eit viktig infrastrukturtiltak for utviklinga i Valle kommune at det kjem straum til hytteområda ved Bjørnevatn.

Det er relativt store villreininteresser i området som kraftutbygginga er planlagt. Det er i dag sett av ein korridor på om lag 5 km breidde frå Bakkebu til Bjørnevatn for å sikre vår- og hausttrekk for villreinen. Det viser seg at denne korridoren blir mykje brukt i trekkperiodane for villreinen. Det betyr at dersom ein vil bygge kraftverk i denne

korridoren så må ein ta omsyn til villreinen. Ein må legge opp drift og bygging i høve til villreinen sine trekkperiodar vår og haust.

Valle kommune har arbeid med straumframføring til Bjørnevatn i mange år. I denne planlegginga har mått ta omsyn til villreinen. Vi har fått krav frå villreinstyresmaktene om at alle kablar må gravast ned i bakken. Ein ville ikkje ha luftspenn i området. Vi vil tru at dette er noko som utbyggerane av småkraftverket også må følgje. Det er viktig at det ikkje kjem kraftliner i området som kan gi ei barriereeffekt for villreinen.

Edansfossen er ein stor foss som ein ser godt frå hovudvegen, fylkesvegn 45, mellom Valle og Dalen. Det er eit viktig landskapselement og ei fin naturoppleving og kunne sjå fossen. Dersom fossen blir utbygd må ein ikkje kunne sjå inntaksdammen frå hovudvegen. Det er og viktig at ein får minstevassføringa til å renne midt i fossen, og ikkje hamnar i ein av kantane der det nesten ikkje blir synleg frå vegen. Det er viktig å take vare på fossen som ein attraksjon så godt som råd etter utbygginga.



Konklusjon:

Valle kommune er positive til dette prosjektet sidan det vil gjere det enklare å gjennomføre prosjektet med straumframføring til hytteområda ved Bjørnevatn. Det er opplagt noen ulemper for natur og miljø, men det er så stor positiv samfunnsnytte av å få straum til Bjørnevatn at summen av ulempene blir positiv.

Håvestøylsåne – Uppstad

Utbygginga av Håvestøylsåne gir ikkje noen stor negativ konsekvens for Valle kommune. Dette er utbygging i eit område som ikkje er synleg frå ferdselsårer eller busetnad. Det er heller ikkje negative følgjar for villrein eller miljø. Dette er eit område som er svært utilgjengelig.

Konklusjon:

Valle kommune er positive til denne utbygginga.

Flårendsfossen – Otra

Utbygginga av Flårendsfossen vil få konsekvensar for badeplassen på Marhyl og skytebanen på Hovet. Valle kommune er svært opptatt av å take vare på Marhyl som ein god offentleg badeplass. Valle kommune har lagt ned ein god del ressursar i opparbeiding av badeplassen. Utbygginga av Flårendsfossen må ikkje forringe badevatnet på Marhyl. Vi er redde for at temperaturen på badevatnet vil gå ned når ein skal take inn vatnet frå 4m djupne og at det skal gå gjennom ca 900m lang tunell rett ovanfor badeplassen. Vi vil krevje at det må dokumenterast at dette ikkje vil skje.

Det er planlagt tippområde ved Hovet skytebane. Utbygginga vil få følgjer for drifta av skytebanen. Dette må utbygger og skytarlaget ha ein god dialog omkring. Valle jakt og fiskelag driv og planlegg utbygging av ei leirduebane der som utbygger vil legge massetippen frå tunellbygginga. Tippen bør utformast slik at den kan nyttast til anlegg for leirdueskyting etter anlegget er utbygd. Det er viktig at det blir ein dialog mellom utbygger og dei som har interesser omkring skytebanen.

Konklusjon:

Valle kommune er ikkje positive til denne utbygginga. Vi trur den vil øydelegge for mykje av vasskvaliteten til badeplassen på Marhyl. Vi ynskjer ikkje å take noen risiko for at badeplassen kan bli øydelagt.

Kvernåni – Straume

Dette er ei utbygging som ikkje har store konsekvensar for natur og miljø. Det er ikkje ei elv som er synleg i frå busetnad eller frå hovudvegar. Valle kommune ynskjer at ein ser på høve til at røyrgata kan bli nytta som turveg etter utbygginga er ferdig. Det er i dag etablert ein via ferrata opp Straumsfjellet. Klatrarane kjem ned at frå fjellet gjennom det området som denne utbygginga vil vere. Det er derfor naturleg at ein prøver å sjå dette i samanheng og utnytte den delen av utbygginga til nytte for klatretilbodet på Straume. Det bør etablerast ein parkeringsplass ved kraftstasjonen som klatrarane og andre kan nytte seg av.

Konklusjon:

Valle kommune ser svært positivt på denne utbygginga. Den er gunstig økonomisk og gir få negative konsekvensar.

Valle, den 09.06.2015

Eivind Berg
rådmann